

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 19.09.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Øystein Helleseeth  
**SAKA GJELD:** **Budsjett 2020 - løypemelding**

**ARKIVSAK:** 2019/3626  
**STYRESAK:** **076/2019**

**STYREMØTE:** **26.09.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør si orientering til vitende.

## Oppsummering

Helse Førde følgjer retningslinjene for budsjettering som er utarbeidde av Helse Vest.

Rammebudsjetteringa i Helse Førde skjer ved at vi på føretaksnivå set rammene for klinikkane. Klinikane fordeler igjen rammene ned på einingar / seksjonar.

Rammene til Helse Førde vert påverka av føringar gitt i budsjettskriv, styringsdokument og andre skriv.

Helse Førde involverer tillitsvalde / verneombod i avdelingane for å sikre at tiltak i budsjetta ikkje får utilsikta effektar i pasientbehandlninga eller HMS for dei tilsette.

## Fakta

Helse Førde følgjer Helse Vest sitt vedtak gitt i styresak 068/19 den 18.06.2019 «Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2020». Vedtaket gjev føringar for Helse Førde i forhold til inntektsramme, resultatkrav og budsjetteringsform.

### Førebels inntektsramme for 2020 (tal i 2019-kroner):

INNTEKTSFORDELING 2020	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 067 712	981 735	3 252 841	662 793	363 815	0	7 328 897
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 067 124	2 140 827	5 993 949	1 778 242	0	0	13 980 142
Kvalitetsbasert finansiering	20 071	9 933	43 791	9 563	0	0	83 358
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	384 538	224 831	918 172	192 194	457 851	3 357 511	5 535 097
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 563	7 559	31 400	20 361	0	0	62 884
SUM, inntekt 2019 fordelt frå RHF	6 543 009	3 364 886	10 240 153	2 663 152	821 666	3 357 511	26 990 377

Endring frå 2019 budsjettet er:

- ISF-finansiering aukar med 6 millionar. Dette er avhengig av faktisk aktivitet i føretaket.
- Basisramma fordelt etter modell aukar med 14,8 millionar.

## Resultatkrav

I 2020 er resultatkravet til Helse Førde sett til 36 millionar kroner. Dette er identisk med kravet for 2019.

For å nå budsjettkravet i 2019 vedtok styret at Helse Førde skulle spare 22,3 millionar samanlikna med 2018. Per august er vi noko bak budsjett, og administrerande direktør vurderer at vi treng god aktivitet for å nå målet om eit resultat på 36 millionar.

Førebels ramme med realendringar viser at Helse Førde truleg må spare 14,5 millionar i 2020. Dette er før ev. økonomiske konsekvensar av at Hornindal kommune vert overført til Helse Møre og Romsdal. Administrerande direktør vurderer at eit resultatkrav på 36 millionar

i 2020 vil vere svært krevjande, dersom vårt basistilskot vert redusert fullt ut som følgje av denne endringa i føretaksgrensa. Ein gjennomgang vi har gjort, syner at det vil vere heilt marginale reduksjonar vi kan gjere i drifta, som følgje av at Hornindal blir del av Helse Møre og Romsdal.

### Budsjetteringsform

Helse Vest har i vedtaket punkt 3 lagt føringar for budsjettprosessen i Helse Førde:

*«Helseføretaka blir bedne om å nytte rammebudsjettering som teknikk for budsjetteringa for 2020. Budsjettet skal bygge på inntektsføresetnader og resultatkrav som følgjer av denne saka. Dei økonomiske rammene må bli budsjettert ned til lågaste nivå i organisasjonen og føresetnadene for rammebudsjettering må bli klargjort i alle ledd i føretaket slik at kostnadane blir tilpassa den inntektsramma og resultatkravet HF-et skal nå. Helseføretaka må klargjere dei økonomiske utfordringane og nødvendige tiltak før styret i føretaket vedtar budsjettet, slik at ein oppnår nødvendig effekt allereie ved inngangen av 2020.»*

### **Kommentarar**

Samanlikna med ramme for 2019 har førebels basisramme i 2020 auka med 14,8 millionar. I samband med fordelinga av rammer til klinikkane i Helse Førde er denne auken halden att som ein reserve. Bakgrunnen for dette er at rammene frå Helse Vest er førebelse til statsbudsjettet er vedteke, samt at det ligg føre uvisse knytt til mellom anna innføring av forløpsbasert finansiering, innføring av regionale prosjekt, prehospital plan og medikament brukt i sjukehus (H-resept). Ei anna vesentleg usikkerheit er konsekvensane av at Hornindal kommune blir overført til Helse Møre og Romsdal HF.

Førebelse rammer for klinikkane er derfor i 2020 sett lik rammene som var i 2019, før eventuelle realendringar. Prosessen knytt til innmelding av realendringar er gjennomført og det er førebels godkjent 14,5 millionar i realendringar. Dette vil då vere lik innsparingskravet for Helse Førde i 2020 samanlikna med 2019-budsjettet.

### Kort om «milepælar» i budsjettarbeidet:

<b>Tidspunkt</b>	<b>Innhald / vurderingar</b>
Våren 2019	I samband med langtidsbudsjettet vart det gitt signal til klinikkane om utfordringar i høve budsjettarbeidet for kommande år. Det vart også gitt ein indikasjon på kva vi trur vert endringar i rammene.
Mai/juni	Klinikkane vart bedne om å melde frå om realendringar. Godkjende realendringar er med vidare i budsjettprosessen.
Juni	Helse Førde fekk «førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2020» frå Helse Vest.
August	Administrerande direktør fastset førebelse rammer til klinikkane med innsparingskrav.

Hausten	Klinikkane / einingane utarbeider driftsbudsjett basert på rammene. Parallelt vert det arbeidd med investeringsbudsjett og bereevne til Helse Førde. I prosessen vil det vere tett dialog med tillitsvalde og føretaket sitt arbeidsmiljøutval.
November	Helse Førde får endelege rammer frå Helse Vest for 2020. Desse vert handsama i Helse Vest-styret 12.12.2019. Eventuelle endringar må innarbeidast i budsjettet for Helse Førde.
November	Gjennomgang med klinikkane for å sikre at framlegg til budsjett ivaretek krav til pasientbehandling og HMS. Vidare må ein sikre at samla budsjett oppfyller dei føringane som føretaket er pålagt, som til dømes «Den gyldne regel».
16. desember	Budsjettet vert handsama i styret til Helse Førde.

## Konklusjon

Administrerende direktør vurderer at budsjettprosessen er godt i gang, og at vi vil halde fristen for behandling i styret. Den største risikoen er knytt til grensejustering av «Sørge for ansvarsområdet» til Helse Førde i samband med Hornindal kommune. Administrerende direktør har saman med føretaksleiinga starta dialogen med Helse Vest i forhold til å klargjere konsekvensane, og korleis handtere desse.

Når det gjeld innsparingskrav arbeider administrerende direktør saman med heile organisasjonen for å finne tiltak som i minst mogleg grad går ut over pasientbehandling, helse, miljø og tryggleik.